

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal:

Meiner at Volda kommune har utarbeidd gode mål for arbeidet, med fokus på kunnskap, kartlegging og forpliktande tiltak. Dei anbefaler å prioritere kartlegging av både marine og landbaserte naturtypar, inkludert våtmarker, myr og gamal skog, samt å identifisere trusselfaktorar som framande artar.

Dei peikar på at restaurering av natur er eit viktig tema, spesielt i samband med FN sitt tiår for naturrestaurering, og oppfordrar kommunen til å vurdere dette som ein del av planen. Vidare understrekar dei betydninga av lokal medverknad og samarbeid med lokale organisasjonar og fagmiljø.

Statsforvaltaren meiner kommunen bør bruke plan- og bygningslova for å stille miljøkrav i arealforvaltninga og sikre at kantsoner langs vassdrag og kystområde blir ivaretekne. Dei påpeikar viktigheita av å ha ei balansert tilrettelegging for friluftsliv som unngår slitasje på sårbare naturtypar.

Dei understrekar at klimatilpassing er ein viktig del av naturmangfaldsplanen, og at naturbaserte løysingar kan bidra til å redusere negative verknader av klimaendringar. Dei foreslår å bruke kartløyningar som Økologisk grunnkart og Naturbase for å få eit betre oversyn over naturmangfaldet i kommunen.

Statsforvaltaren ser fram til å bidra i det vidare arbeidet med planen og anbefaler at kommunen utarbeider ein handlingsdel som konkretiserer mål og tiltak for å sikre naturmangfaldet.

Forbetringsforslag:

- Kulepunkt frå kap. 3 til kap. 4 og framande artar frå kap. 4 til kulepunkt i kap. 3.
- Legg til tema som naturrestaurering og bruk av FN sitt restaureringstiår.
- Tydeleggjere kva ressursar (kunnskapsbankar) ein ser for seg å bruke.
- Innhenting av lokal kunnskap
- Planen bør innhalda Vassdrag, friluftsliv og folkehelse, arealforvaltning, samfunnstryggleik og klimatilpassing.

Kommunen sin kommentar:

Volda kommune takkar for høyringsbrevet, kommunen har tatt med fleira av tema som er nemnt i høyringsbrevet med i planprogrammet og tatt med ein del av kunnskapsbankar ein ser for seg å bruke. Andre innspel blir med i vidare arbeid.

Møre og Romsdal fylkeskommune:

Volda kommune sitt arbeid med ein kommunedelplan for naturmangfald støttast og planen vil bidra til betre kunnskapsgrunnlag for arealforvaltning og auka interesse for natur blant innbyggjarane. Dei understrekar viktigheita av lokal medverknad og foreslår å inkludere representantar frå landbruksnæringa i arbeidet.

Fylkeskommunen peikar på at vassforvaltning bør vere ein sentral del av planen, med fokus på vern av vassdrag, drikkevasskjelder og vassførekomstar med anadrom fisk som sjøaure og elvemusling. Dei foreslår konkrete tiltak for å betre økologisk tilstand i vassdrag og hindre tap av leveområde for sjøaure.

Dei meiner også at planen bør omfatte kartlegging og vern av marine naturtypar. Dei legg vekt på at framande, skadelege artar og kantsoner rundt vassdrag må takast omsyn til for å sikre naturmangfaldet.

Forbetringsforslag:

- Ta med og sjå på Fylkesstrategi for miljø, klima og energi.
- Ta med og sjå på Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022-2027.

- Ta med miljøtilstand og miljømål til vassførekomstane i kommunen.
- Bidra til kartlegging og overvaking av sjøaurevassdrag og elvemuslingbestand.
- Gjere greie for artar knytt til vatn.
- Ta med konkrete overvakingstiltak for vassressursar.
- Inkludere naturmangfald i sjø.

Kommunen sin kommentar:

Vi tar med fylke strategi for miljø, klima og energi og regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022-20227 med i mål og rammer. Tema som sjøaure, vassdrag, og marint naturmangfald har blitt med.

Volda kommune takkar for høyringsbrevet, og tar med innspel i vidare arbeid.

NVE:

Positive til oppstarten av kommunedelplanen for naturmangfald i Volda. Dei legg vekt på at vern av vassdrag bør ha ein sentral plass i planen. Volda har to verna vassdrag, Hornindalsvassdraget og Stigedalselva, som må forvaltast i tråd med rikspolitiske retningslinjer.

Kommunen bør ha ei oversikt over viktige gyteområde og oppvekstområde for fisk.

NVE peikar på at kantsoner langs vassdrag er blant dei mest artsrike områda, og oppmodar kommunen til å bevare desse og unngå lukking av bekkar. Dei anbefaler også å opne lukka bekkar der det er mogleg.

Vidare understrekar NVE at skog kan fungere som vern mot naturfare, til dømes snøskred, og foreslår at kommunen vurderer å kartlegge skog som kan vernast både av omsyn til naturmangfald og som sikringsskog.

Dei meiner at kunnskapen frå naturmangfaldsplanen bør brukast aktivt i arealdelen av kommuneplanen for å unngå utbygging for tett på vassdrag. Dei foreslår føresegner om byggeforbod i ei sone langs vassdrag for å beskytte naturen og sikre kapasiteten i vassdraga.

NVE ønskjer å bli informert om vidare planarbeid og vil følge opp dersom planen rører ved deira ansvarsområde.

Forbetringsforslag:

- Legg til føresegner om vern av vassdrag og opning av lukka bekkar.
- Oversikt over gyteområde og oppvekstområde for fisk og andre særleg viktige områder for biomangfald i og langs elvar og bekkar.

Kommunen sin kommentar:

Vern for vassdrag har blitt lagt til i mål og rammer. Dei to verna vassdraga vi har i Volda kommune har blitt lagt til i kapitel 3. Volda kommune takkar for høyringsbrevet, og tar med innspel i vidare arbeid.

Fiskeridirektoratet:

Kommunen får ros for å starte arbeidet med å samle, systematisere og oppdatere kunnskap om naturmangfaldet i kommunen. Samstundes peikar dei på at det bør vere ein tydeleg prioritering av tiltak og rutinar for å oppdatere faktagrunnlaget framover.

Det blir lagt vekt på at planen også må omfatte sjøareala i kommunen, og dei framhevar viktigheita av å ta omsyn til gytefelt og marine naturtypar. Dei trekkjer fram at marine ressursområde og sårbare artar som kysttorsk, ålegrassenger og korallførekomstar må beskyttast for å sikre berekraftig forvaltning.

Fiskeridirektoratet oppmodar kommunen til å identifisere lokale utfordringar og truslar mot naturmangfaldet, til dømes utbyggingspress, marin forsøpling og spreining av framande artar. Dei meiner det er viktig at handlingsplanen inneheld konkrete tiltak for å verne naturverdiane, særleg i marine økosystem.

Vidare oppfordrar direktoratet kommunen til å involvere lokale aktørar innan fiskeri og akvakultur i planarbeidet, då dei kan bidra med viktig lokalkunnskap om det marine naturmangfaldet. Dei understrekar at det er naudsynt med juridisk bindande planar for å sikre at naturmangfaldplanen blir følgt opp i framtidige arealplanar og saksbehandling.

Forbetringsforslag:

- Klarare beskrivelse og prioritering av utredningstema/områder.
- Legg til kartlegging av gytefelt og marine naturtypar.
- Identifisering av de lokale truslane mot naturmangfald.
- Innføre tiltak for å redusere marin forsøpling.

Kommunen sin kommentar:

Volda kommune takkar for høyringsbrevet, og tar med innspel vidare i arbeidet med sjølve planen. I planprogrammet legg vi til fleire marine tema og viktigheita med marineområder, også kartløyninga Yggdrasil som ein kunnskapsbank.

Mattilsynet:

Støttar arbeidet med kommunedelplanen for naturmangfald i Volda og meiner planen gir ein god oversikt over miljøstatusen i kommunen. Dei peikar på at vern av drikkevasskjelder bør vere eit viktig tema i planen og viser til nasjonale mål som gjeld tilgang til reint drikkevatt og vern mot forureining.

Mattilsynet foreslår at planen inkluderer føresegner om vern av råvasskjelder, reservevasskjelder og framtidige vasskjelder. Dei meiner også at kommunen bør ta omsyn til smittevern innan plantehelse og fiskehelse, samt ha reglar for å hindre spreining av planteskadegjerarar og fiskeparasittar, spesielt ved anleggsarbeid og bruk av masser som jord og grus.

Vidare understrekar dei at dyrevelferd må takast omsyn til i planlegginga, for å unngå konflikt mellom naturinngrep og dyreliv. Dei anbefalar å sikre naturlege trekkruiter og å redusere påverknad på dyr sitt habitat.

Forbetringsforslag:

- Refererast til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.
- Inkludere nasjonale mål for vatn og helse.
- Innføre konkrete føresegner for vern av vasskjelder.
- Tema som drikkevatt, plantehelse, fiskehelse og dyrevelferd bør innarbeidast.

Kommunen sin kommentar:

Volda kommune takkar for høyringsbrev. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 er lagt med i mål og rammer. Tema som plantehelse og dyrehelse er ført opp i tema. Vi tar med innspel vidare i prosessen.

Statens vegvesen:

Arbeidet med ein kommunedelplan for naturmangfald i Volda blir støtta og understrekar at vegbygging, drift og vedlikehald av vegar har påverknad på naturmangfaldet. Dei peikar på at vegar kan skape barrierar som hindrar dyr sin frie ferdsel og naturlege leveområde. Tiltak som hindrar dyrepåkøyrslar, sikrar gode vandringsvegar for dyr og reduserer spreiding av framande artar er viktige for å avgrense negative konsekvensar for naturen. Alle tiltak som påverkar riksvegnettet (spesielt E39) skal planleggjast i samarbeid med dei, men har elles ingen ytterlegare merknader til oppstart av planen.

Forbetringsforslag:

- Tiltak som gjeld riksvegnettet vert tatt med statensvegvesen før iverksetting

Kommunen sin kommentar:

Volda kommune takkar for høyringsbrevet, og tar med innspel i vidare arbeid.

Volda Venstre:

Positive til arbeidet med ein kommunedelplan for naturmangfald og meiner det er viktig å ta betre vare på naturen lokalt. Dei legg vekt på at naturtap og klimaendringar heng tett saman, og peikar på FN sitt mål om å verne 30 % av all natur innan 2030 som ein viktig rettesnor for kommunen. Partiet meiner planen bør leggje til rette for meir vern av natur både på land og i sjø, og unngå bit-for-bit-nedbygging av areal gjennom bustadbygging, næringsutvikling, hyttebygging og kraftutbygging. Dei foreslår å prioritere fortetting og bygging i høgda framfor å ta i bruk nye naturområde, samt å bevare grønne lunger i sentrum for å oppretthalde trivsel. Dei er også opptatt av å bevare dyrka mark for å sikre matproduksjon og sjølvforsyning. Myr dyrking bør unngåast, og at skogsdrift i gammal skog bør erstattast med restaurering for å auke artsmangfaldet. Partiet ønskjer å følgje opp arbeidet med planen tett framover og gi naturmangfald høg prioritet i kommunen sitt planarbeid.

Forbetringsforslag:

- Innføre konkrete vernereglar og tiltak for å hindre bit-for-bit nedbygging.

Kommunen sin kommentar:

Volda kommune takkar for høyringsbrevet, og tar med innspel i vidare arbeid.

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda:

Volda kommune får honnør for å ha starta arbeidet med ein kommunedelplan for naturmangfald, men meiner planprogrammet er for opent og lite konkret. Dei legg vekt på at planen bør innehalde ein forpliktande tiltaksdel med konkrete mål, tiltak og tidsfristar, slik Nannestad sin naturmangfaldsplan er eit godt døme på. Det blir peika på behovet for ein langsiktig framdriftsplan for nye kartleggingar å både fjordareal og naturskog bør prioriterast. Vidare understrekar dei at arealnøytralitet bør ha ein meir presis definisjon og at all arealbruk – inkludert skogbruk, jordbruk og havbruk – må vurderast for å ta vare på naturmangfaldet.

Planen bør inkludere ei oppdatering av eksisterande naturtypekartleggingar i Naturbase og fokuserer på både trua artar og kvardagsnatur. Dei meiner også at det er viktig med eit interkommunalt samarbeid for å sjå naturmangfald i ein større geografisk samanheng, sidan naturen ikkje stoppar ved kommunegrenser. Naturvernforbundet ser fram til å delta i det vidare planarbeidet og foreslår ei oppsummering i tabellform som viser utgreiingsbehov og framdrift i planarbeidet.

Forbetringsforslag:

- God handlingsdel med samanheng mellom status, mål og tiltak.
- Lag ein prioritert framdriftsplan for kartlegging.
- Prioriter fjordareal og naturskogar.
- Sjå på kordan arealbruk er forklart.
- Avsnittet med arealstrategiar frå samfunnsdelen må supplerast og konkretiserast.
- Referere til registrerte naturtypar i Volda, og ha ei tidfesta og prioritert program for å oppdatere statusen til desse.
- Føy inn Otterdal aust , fleire fiskeslag og vatn saman med bekker og vassdrag
- Oppsummering av planprogrammet i tabellform.

Kommunen sin kommentar:

Volda kommune takkar for høyringsbrevet, og tar med innspel i vidare arbeid. Vi har supplert meir om fjordane, vatn og vassdrag med i planprogrammet.

Volda og Dalsfjord Bondelag:

Ser viktigheita av å balansere vern med aktiv bruk av landbruksareal. Dei etterlyser meir fokus på landbruk i planen og kordan man kan utvikle landbruket. Ønskjer å være involvert i arbeidet.

Forbetringsforslag:

- Inkludere skogeigarlaga, utmarkslag og forvaltningslaga for dei lakseførande vassdraga i kommunen.
- Inkludere Jordlova, Skoglova og andre relevante lover.
- Ta med oversikt over historisk bruk av landbruksareal.
- Fokuserer på reduksjon av beiteskadar frå hjortevilt.

Kommunen sin kommentar:

Vi noterer oss dei organisasjonane og forvaltningslaga som de nemne å dei vill bli med i vidare prosess. Lovene dykk nemner har vi tatt med i planprogrammet. Volda kommune takkar for høyringsbrevet, og tar med innspel i vidare arbeid.

Allskog Bjørkedal skogeigarlag:

Det er uheldig at skogeigarlag, utmarkslag og forvaltningslag for laksevassdrag ikkje er med på høyringslista. Dei foreslår å inkludere ei oversikt over alle relevante organisasjonar i planprogrammet.

Det peikar på at viktige lover som Skoglova, Viltressurslova og Jordlova manglar i programmet. Informasjon om status for vassdrag og fjordar burde vere med, og at tidlegare naturtypekartleggingar i kommunen må framhevast og bli teke omsyn til.

Skogeigarlaget understrekar at mykje av landbruksarealet i Volda har gått ut av bruk, og dei ønskjer eit oversyn over historisk bruk av areala. Dei meiner at aktiv bruk av areal gjev betre vern mot nedbygging og peikar på at naturmangfaldet er i stadig endring.

Dei ønskjer å delta i det vidare arbeidet med planen, og meiner at landbrukskontoret bør vere involvert.

Forbetringsforslag:

- Legg til oversikt over relevante organisasjonar
- Legg til Skoglova, jordlova og Viltressurslova.
- Status på vassdrag og fjordar.
- Ta med tidlegare naturkartleggingar i kommunen.
- Oversyn av landbruksareal.

Kommunen sin kommentar:

Lovene som blir nemnt i brevet har blitt med under mål og rammer. Vi har inkludert verna vassdrag og marin naturmangfald med i planprogrammet.

Volda kommune takkar for høyringsbrevet og tar med innspel vidare i prosessen.

Robert Welsvik:

Forslaget til kommunedelplan for naturmangfald i Volda manglar registreringar av naturmangfald i sjøareala og har også manglar på land. Han foreslår at gyteplassar for vintertorsk og sild, rugeplassar for raudlista fuglar, og kjende lokasjonar av raudlista sjøartar og kaldtvasskorallrev bør leggst inn i planen.

Runde Forsking har gjort stikkprøver med undervassrobot (ROV) som viser førekomstar av korallrev utanfor Velsvik, og det er sannsynleg at store delar av fjordsystemet i Volda bør vernast. Anbefaler at kommunen tar kontakt med Ørjan Vabø ved Runde Forsking og Alv Ottar Folkestad for meir informasjon og bistand til å supplere planen.

Han legg ved eit kart over korallførekomstane og oppmodar kommunen til å bruke offentlege kartressursar som Artsdatabanken.

Forbetringsforslag:

- Legge til gyteplassar for tosk og sild, rugeplassar for raudlista fuglar og kjende lokasjonar av raudlista sjøartar.
- Kontakte Runde forskning og Ottar Folkestad for meir informasjon og samarbeid.

Kommunen sin kommentar:

Volda kommune takkar for høyringsbrevet, og tar med innspel i vidare arbeid. Tema som har blitt spelt inn har blitt med i planprogrammet. Runde forskning og Ottar Folkestad blir notert som potensielle informasjonskjelder og samarbeid til vidare arbeid.

Per Ole Reite:

Foreslår vern av Skålavatnet og nærliggjande område som sårbare økosystem. Skålavatnet og området rundt er naturleg skjerma, utan maskinell påverknad, og utgjer eit sårbart høgfjellsområde. Feirdalsvatna blir også trekkje fram som eit område med eit unikt økosystem og stort potensial som rekreasjonsområde. Han peiker på press frå utbygging og understrekar behovet for å beskytte høgfjellsområda mot inngrep.

Forbetringsforslag:

- Ta inn konkrete verneområde som Skålavatnet i planen.
- Vurdere historisk bruk av området som ein del av vurderinga.

Kommunen sin kommentar:

Volda kommune takkar for høyringsbrevet, og tar med innspel i vidare arbeid. Ingen endringar i planprogrammet.